



Sykkylven kommune
Rådhuset, Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering Aureosen Brygge 2

Fråsegn til høyring av planforslag

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Planforslag for detaljregulering Aureosen brygge 2 er sendt på høyring og lagt til offentlig ettersyn. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for konsentrerte bustader i den delen av området som i dag ikkje er bebyggt. For arealet det i dag er utleigehytter legg planforslaget opp til kombinasjonsføremål bustad og næring. Planforslaget er i tråd med kommunedelplan for Sentrum-Ikornes.

Vi er nøgd med at våre merknader er tatt omsyn til i utarbeiding av reguleringsplanen, og har berre ein merknad til høyringsforslaget:

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

NVE sin oversiktskartlegging av kvikkleire viser at området kan ha utfordringar knytt til lokalstabilitet (byggegropproblematikk). Ved byggjesak må kommunen sikre at prosjektering og gjennomføring av tiltaket varetakast i samsvar med gjeldande regelverk og standardar for lokalstabilitet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef-plansamordning

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
NVE vest

Postboks 2500
Naustdalsvegen 1B

6404 MOLDE
6800 FØRDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

FYLKESKOMMUNEDIREKTØREN

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2019/998	14.12.2021	174142/2021/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	31.01.2022

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan - Aureosen Brygge 2 gbnr 14/433 - offentlig ettersyn - motsegn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentlig ettersyn.

Saka gjeld detaljregulering for Aureosen Brygge 2 med formål å legge til rette for konsentrert bustadbygging. Området er i gjeldande kommunedelplan avsett til kombinasjonsfremål for bustad, forretning og kontor. Forslaget som no ligg føre kan gje opp mot 19 bueiningar. Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfaglege merknader

Vi uttalte oss til oppstartsvarsel 20.02.2020, der vi hadde kommentarar knytt til tryggleiken for mjuke trafikantar, støybelastinga i området, og korleis ein skal få gode uteopphaldsareal for barn og unge.

Punkt 3.4 i føresegnene gir føringar for areala nemnt BAA på kartet. Det er i planomtalen ikkje nemnt noko om næringsverksemd eller fritidsbustader i framtida. Vi forstår det derfor slik at det på sikt er tenkt bustader og ingenting anna. Rett fremål vil derfor vere bustader. Det vil ved alle høve vere nødvendig å spesifisere ein eventuell kombinasjon i føresegnene, både kva fremål som inngår og korleis kombinasjonen skal vere. Dette er ikkje gjort. Vi viser til [retteiar om reguleringsplan](#) kapittel 4.1.15.

Føresegnene opplyser likevel at eksisterande hytter kan nyttast til hytter så lenge eigar ønsker. Så lenge verksemda er lovleg etablert og kommunen ikkje eksproprierer, vil dette gjelde uavhengig av planvedtaket.

Både føresegnene og planomtalen gir inntrykk av at det er tenkt bustader i BAA. Då vil rett føremål vere – nettopp "bustader". Dersom dette skal vere i kombinasjon med næringsverksemd (dagens situasjon), vil verknadene på omgivnadene vere annleis enn ved berre bustader, noko planomtalen heller ikkje nemner.

Samla gir dette grunnlag for **motsegn** på formelt grunnlag, med tilvising til plan- og bygningslova §§ 4-2 og 12-7.

Barn og unge

Til oppstartsvarelet nemnte vi at det såg utfordrande ut å få til eit tilfredstillande uteopphalds- og leikeareal. I forslaget som ligg føre kan vi sjå at det formelle på sitt vis er ivareteke i planforslaget. Vi vel derfor ikkje å reise motsegn på dette grunnlaget, men etter vår vurdering er løysinga ikkje god, og vi ber om dette blir vurdert nærare.

Arealet ligg mot nord, bak utleiehyttene. Området er relativt smalt og ligg i delvis skrånande terreng. Avstand mellom den eine hytta og bort til grensa er omlag 6,5 meter, tilrådinga er 10 meter. Bygga som ligg der i dag er ikkje særskilt høge og slik sett synest soltilhøva å vere innanfor krava. Føresegna om byggehøgde i BAA er likevel fleirtydig og dersom ein i framtida vel å bygge høgare enn i dag, så vil ute- og leikearealet ligge vesentleg meir i skygge.

Ut ifrå illustrasjonsskisse, som rett nok ikkje er bindande, må barna krysse felles parkeringsplass for å komme til leikearealet. Dette er lite trafikksikkert for dei minste borna, som ein nærleikeplass er berekna for.

Inngangspartia til to av dagens utleiehytter ligg kloss på arealet som er avsett til leik. Det er mogleg at det også ligg soverom vendt mot leikearealet. Kommunen får vurdere om dette er ei løysning som kan medføre konflikt vedrørande støy og innsyn. Det er stilt krav om skjerming mellom leikeareal og bygningar, men ikkje med konkret høgde eller utforming. På den andre sida av leikearealet, utanfor planen, ligg også bygningar heilt inntil føremålsgrensa, sjå figur nedanfor.



Ill. av område avsett til leikeplass i reguleringsplanen henta frå Google maps.

Når det gjeld privat uteareal framfor bustadblokkene, jamfør illustrasjonsskisse, vil dette arealet ligge på same nivå som bueiningar i første etasje. Dersom det er tenkt horison-

taldelte bustader, blir uteareala i praksis privatisert av og berre tilgjengeleg for einingane på bakkeplan.

Det kjem fram i planomtale, kart eller føresegner at det er ønske/plan om å setje opp støyskjerming mot Ullavikvegen, sjølv om arealet ligg i gul støysone. Vi vil i samband med dette nemne at vi er gjort kjende med støyproblematikk på nærliggande eigedomar mot Ullavikvegen.

Samferdsel

Fylkesveg 60 ved planområdet

Fylkesveg 60 har på strekninga ein gjennomsnittleg årsdøgntrafikk på 5950 køyretøy (år 2020) og særskild fartsgrense 60 km/t. Strekninga er i *Rammeplan for avkøyrslar og differensierte byggegrensar langs fylkesveg* kategorisert i haldningsklasse 1 – *Meget streng*, med byggegrense 50 meter frå fylkesvegen si senterlinje. Det er et relativt høgt tal politiregistrerte trafikkulykker ved, og langs, fylkesvegnettet i nærleiken av planområdet.

Trafikktryggleik

Med omsyn til trafikktryggleik ser fylkeskommunen svært positivt på rekkefølgekravet i § 7.5 i føresegnene.

Byggegrense


Fylkeskommunen kan akseptere ei byggegrense på 15 meter frå fylkesvegen si senterlinje under føresetnad av at planforslaget sikrar at grenseverdiene i T-1442 blir oppfylt, samt at ingen tiltak blir ført opp innanfor fylkesvegen si byggegrense. Det bør ikkje bli vist til årstal for T-1442 i føresegnene (her er det vist til T-1442/2016, dette er ein eldre versjon).

Fylkesvegen si tryggleikssone og støy

Møre og Romsdal fylkeskommune ønsker generelt ikkje avbøtande tiltak for støy på eigen eigedom dersom dette kan unngåast. I denne saka kan likevel støyvoll bli akseptert dersom gjeldande, tekniske krav kan bli oppfylde:

Fylkesvegen har ei tryggleikssone, jf. N101. Sideterrenget innanfor fylkesvegen si tryggleikssone skal vere utan faremoment og trafikkikkert utforma slik at det minimerer skadeomfanget på menneske og materiell ved ei ev. utforkøyring, samt gi føraren moglegheit til å få tilbake kontrollen over køyretøyet. Fylkesvegen si tryggleikssone er premissgivande for prosjektering av vegen sitt sideterreng/-områder og vurdering av trafikktryggingstiltak.

Tryggleikssona si breidd blir målt vinkelrett og horisontalt ut frå køyrebaneanten, og består av tryggleiksavstand (A) etter ÅDT og fartsgrense, samt eventuelle tillegg ut frå forhold på staden (T1-T3).



Figur 1: Utklipp frå vedlegg «Terrengsnitt og vegprofil» til planforslaget.

Fylkesvegen sin tryggleiksavstand (A) er her 5 meter (utan tillegg). Tillegg må bli vurdert. Kapittel 2 og 3 i N101 gir krav til trafikkikkert sideterreng. Det blir vist to alternative

skjeringsskråningar (helling 1:1,5-1:2) og høgder ved fartsgrense 60 km/t avhengig av utforming av grøft. Vatn/avrenning og ein tilstrekkeleg grøfteprofil må også bli sikra.

Det kan sjå ut til at planforslaget legg til grunn ei løysing som ikkje er i tråd med gjeldande, tekniske krav/handbøker, jf. figur 1. Vedlegg «Terrengsnitt og vegprofil» viser ein voll med helling 1:1, det er også nemnt «stein» utan at det treng å vere tenkt som overflate. Planforslaget må sikre trafiksikkert sideterreng, tilstrekkeleg støyskjerming, samt vere i tråd med gjeldande, tekniske krav/handbøker. Ev. sjå avsnitt om «fråvik» lengre ned.

Ein eventuell støyskjerm kan ikkje bli etablert på fylkeskommunen sin eigedom, og må følge plan- og bygningslova sine avstandskrav til naboeigedom.

Støyvurdering for Aureosen brygge datert 10. desember 2021 opplyser i tabell 3-4 at Sykkylvsvegen, fv 60, har ein framtidig ÅDT i 2041 på 4300. Vi finn at registrert ÅDT på strekinga (år 2020) er 5950 med 7 % lange køyretøy (vegkart.no, 20.01.2022). Det vil vere viktig at støyvurderinga er basert på dei reelle støyforholda slik at støytiltaka samsvarar med eksisterande og framtidig støysituasjon, og vi ber om at dette blir retta opp i reguleringsplanforslaget.

Fylkeskommunen sin eigedom

Fylkesvegen si trygggleikssone og areal utanfor sjølve vegen, som Møre og Romsdal fylkeskommune eig, skal ha formål annan veggrunn.

Ved tiltak der Møre og Romsdal fylkeskommune stiller eksisterande veggrunn til disposisjon for tiltak vil det vere krav om gjennomføringsavtale med fylkeskommunen.

Fråvik

Dersom gjeldande, tekniske krav ikkje kan oppfyllest må det blir søkt fråvik. Ev. fråvik må vere behandla før planforslaget kan blir vedtatt. Sjå informasjon og søknadsskjema på vegvesenet sine heimesider:

<https://www.vegvesen.no/fag/publikasjoner/handboker/fravik/>

Dersom det er aktuelt bør planomtalen ha eit eige kapittel som med oversikt over ev. avbøtande tiltak og/eller naudsynte fråvik.

Oppsummering:

Med omsyn til trafikktryggleik og miljøet på eigedom som grenser til vegen har Møre og Romsdal fylkeskommune **motsegn** inntil punkta under er vurdert og sikra i planforslaget:

- Planforslaget må ivareta gjeldande, tekniske krav til trafiksikkert sideterreng, jf. N101. Dette gjeld også støyvoll.
- Planområdet er utsett for støy og det er ikkje klart om løysingar sikrar formålet i tilstrekkeleg grad. Det kan mellom anna sjå ut til at ÅDT lagt til grunn i støyrapport, og vidare framtidig ÅDT, er lågare enn dagens situasjon.

Heimel for motsegn er:

- Veglova § 1 a og 9
- Handbok N101, jf. veglova § 13
 - kapittel 2.2 2.2 Sikkerhetssonens bredde, S for veger og gater \geq 60 km/t
 - kapittel 3 Trafiksikkert sideterreng og behov for vegsikringsutstyr

Universell utforming

Det er positivt at krav om universell utforming kjem fram i planføresegnene. Vi minner om at universell utforming er utforming av omgjevnader på ein slik måte at dei kan

nyttast av alle menneske, i så stor utstrekning som mogleg, utan behov for tilpassing og spesiell utforming. Nærmiljøa er ein viktig arena for leik, møte naboar, skape trivsel og tillit, og utforming av nabolag kan vere med på å legge til rette for økt sosial kapital.

Nokre tips til universelt utforma uteareal kan ein finne her:

<https://www.ks.no/contentassets/b3b7ed461beb434f8615c0c92a5a1f1e/UUOpparbeidetUteareal.pdf>

KONKLUSJON

Av omsyn til trafikktryggleik har vi **motsegn** til planforslaget inntil desse to punkta er innfridde:

- gjeldande, tekniske krav til trafikksikkert sideterreng, jf. N101. Gjeld også vist støyvoll.
- planområdet er utsett for støy og det må avklarast om løysingar sikrar planføremåla i tilstrekkeleg grad

Motsegna er heimla i veglova §§ 1 a, 9 og 13, jamfør også Handbok N101:

- o kapittel 2.2 2.2 Sikkerhetssonens bredde, S for veger og gater ≥ 60 km/t
- o kapittel 3 Trafikksikkert sideterreng og behov for vegsikringsutstyr

Av planfaglege omsyn har vi motsegn med utgangpunkt i fleirtydige føresegner, manglande avklaring i arealkombinasjon på kartet, eventuelt manglande omtale av verknader.

Motsegna er heimla i plan- og bygningslova §§ 4-2 og 12-7

Vi rår elles til ei omarbeiding av løysinga med sikte på betre felles uteareal.

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Ida Sigerseth, tlf. 71 28 05 48

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Statens vegvesen



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlende enhet:
Transport og samfunn

Saksbehandler/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
20/19632-6

Deres referanse:
2019/998

Vår dato:
05.01.2022

Uttale til detaljregulering Aureosen Brygge 2 – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 14.12.2021.

Saken gjelder

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for bustad og næring.

Statens vegvesens rolle i planleggingen

Statens vegvesen har ansvar for at føringer i Nasjonal transportplan (NTP), Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, vegnormalene og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringer blir ivaretatt i planleggingen. Statens vegvesens samfunnsoppdrag er «å utvikle og tilrettelegge for et effektivt, tilgjengelig, sikkert, og miljøvennlig transportsystem».

Vi uttaler oss som forvalter av riksveg på vegne av staten, og som statlig fagmyndighet med sektoransvar innenfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet betyr at Statens vegvesen har et overordnet ansvar for at trafiksikkerhet, klima og miljøhensyn og helhetlig bypolitikk ivaretas i alle planforslag som berører samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlige, fylkeskommunale og kommunale veger, gater og løsninger for gående og syklende.

Vår vurdering

Trafiksikkerheten knyttet til atkomst og kryssing av fv. 60 for mjuke trafikanter er etter vår vurdering tilfredsstillende sikret gjennom rekkefølgekrav til opparbeidelse av regulert rundkjøring med gangvegløsninger. Vi ser det imidlertid som viktig at også trafiksikkerheten og fremkommeligheten for mjuke trafikanter langs Ullavikvegen vurderes nærmere, og at kommunen iverksetter nødvendige tiltak, da den blant annet vil være skoleveg og gangtilkomst til sentrum.

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset, Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Konklusjon

Statens vegvesen viser til vår merknad over vedrørende trafiksikkerhet og fremkommelighet på Ullavikvegen, og ber om at dette tas med i det videre arbeidet med reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt

Med hilsen

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen håndskrevne signaturer.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Deira ref.:
PS 88/21

Saks nr.:
SAK0000067880

Saksbehandlar:
Natalie Østrem

Dato:
02.02.2022

Innspel til detaljregulering Aureosen Brygge 2 - Høyringsmelding

Ålesundregionen Interkommunale Miljøsekskap, ÅRIM

ÅRIM er eigd av sju kommunar i Ålesundregionen. Selskapet er oppretta for å handtere lovpålagde oppgåver innan hushaldsrenovasjon og slam i eigarkommunane, og tilbyr i tillegg avfalls- og slamtenester til private og kommunale verksemdar i regionen.

ÅRIM sine eigarkommunar har vedteke forskrift om hushaldsavfall og slam i Ålesundregionen. Forskriftene er heimla i forureiningslova og er i hovudsak likelydande og regulerer t.d. kva eigedommar som er renovasjonsppliktige, korleis renovasjonstenestene skal utførast og rett til fritak. I medhald til § 13 i Forskrift om hushaldsavfall og slam pliktar alle som foreslår ein reguleringsplan i regionen å utarbeide ein renovasjonsteknisk plan for det området planforslaget omfattar.

Ei renovasjonsteknisk plan skal innehalde:

- a. Tekniske løysingar for oppsamling av avfall, dvs. behaldar, konteinar, nedgravne løysingar, avfallssug etc.
- b. Hovuddimensjonar for oppsamlingseiningar, samt dimensjoneringsgrunnlaget.
- c. Plasseringa av oppsamlingseiningane.
- d. Eventuelle høve til utviding ved seinare overgang til større eller fleire oppsamlingseiningar.
- e. Tilgjenge og tømme stad for renovasjonsbil.
- f. Type avløpsanlegg og eventuelle utfordringar knytt til tømning av slamanlegg.
- g. Stadfesta pliktar og rettar (servituttar) som er relevante for renovasjon.
- h. Korleis nabo- og gjenboeigedom blir påverka av løysinga som er foreslått.

Renovasjon

Vis til punkt 6.15 Plan for avfallshenting/sjøpelsug, og ber om at det utarbeidast renovasjonsteknisk plan i tråd med § 13 i Forskrift om hushaldsavfall og slam og § 12-12 i Byggteknisk forskrift (TEK 17).

ÅRIM anbefal at det vurderast fellesløysing for renovasjon.

Vedlagt ligg utklipp frå renovasjonsteknisk norm, kapittel 4 vedr. generelle krav.

Ta kontakt med ÅRIM dersom de har spørsmål vedr. utarbeiding av renovasjonsteknisk plan.

Natalie Østrem
Miljørådgivar, ÅRIM

Detaljregulering for Aureosen Brygge 2 – merknad frå barne- og ungdomsrepresentanten

Merknad til 1. gongs høyring

LEIKEPLASSEN:

- Barne- og ungdomsrepresentanten si klare oppfatning er at plassering av leikeplass i denne planen er blitt nedprioritert. Det kan synest som ein har nytta eit «rest-areal», ein trang tarm, som har blitt til overs. Leikeplassen er smalare enn det norma krev. Planlagt sti gjennom arealet vil innsnevre leikeområdet ytterlegare (men er sjølvstøtt positivt i høve universell tilkomst). I tillegg vil delar av området ligge i skugge mesteparten av dagen som følge av plassering på nordsida av, og tett inntil, to eksisterande bygningar.
- I planen er det lagt opp til to nye bygningar med 10 bueiningar. Samtidig kjem det fleire stader i planen fram at dagens utleiehytter truleg vil bli konvertert til nye boliger i framtida. Dette bør ein ta høgde for når det gjeld vurderingar kring leikeplass. På side 18 i planbeskrivelsen er det antydning totalt 19 framtidige bueiningar innanfor arealet. Dette ligg tett opptil kravet om at det må byggast kvartalsleikeplass på minimum 1500 m² (20 einingar). Totalt sett tilseier dette at «rest-arealet» som er avsett til leikeplass i eksisterande plan er ueigna og lite tilfredsstillande.
- Plassering av to nye bygningar innanfor planområdet, samtidig som ein skal ha tilstrekkeleg plass til bilar/parkering, er sjølvstøtt ei utfordring. Likevel bør ein vurdere om det er mogleg å plassere begge dei to nye bygningane langs sydgrensa av arealet. Dette kan muligens frigjere eit større område mot vest, i god avstand frå fylkesvegen. Barna bør få tilgang til dette området i form av leikeplass, gjerne i kombinasjon med felles uteoppholdsareal. Dette vestvendte området vil bli solrikt med fri utsikt, og kan bli ein liten grøn oase. «Rest-arealet» på nordsida av dagens utleiehytter kan eventuelt bli regulert til friareal.
- Uansett løysing er det eit krav at støyvoll/støyskjerming sikrar at leikeplassen har tilfredsstillande støyforhold (maks 55 dbA).

TRAFIKKTRYGGLEIK:

- Bruksløyve for nye boliger vert ikkje gitt før rundkøyring med overgangsfelt for mjuke trafikantar er ferdig etablert i krysset mellom fylkesvegen/Ullavikvegen. Dette er bra. Men uansett blir dette eit gangfelt med stor trafikk og hektiske bilkøer til/frå ferge som gir utfordringar for barn og mjuke trafikantar. Framtidig etablering av inntil 19 nye bueiningar ved Ullavikvegen aktualiserer ei ny vegløyving for mjuke trafikantar (gang-/sykkelveg) langs vestsida av fylkesveg 60 inn mot sentrum/kaiområde.

Øyvind Fet
Barne- og ungdomsrepresentant i Sykkylven kommune

Sykkylven Kommune
Rådhuset
Kyrkjevegen 62
6230 Sykkylven

Sykkylven, 31.01.2022


Merknad til detaljregulering Aureosen Brygge 2

Viser til brev datert 14.12.2021 ang . detaljregulering Aureosen Brygge 2.

I Sykkylven Kommune si VA norm er det set krav om at det skal utarbeidast ein VA-rammeplan for alle nye reguleringsplanar. Vi kan ikkje sjå at dette er gjort i dette tilfellet og ber derfor om at dette blir utført.

Gjeldande VA-norm med vedlegg er tilgjengeleg på <http://www.va-norm.no/sykkylven>

Med helsing



Per Magne Drotninghaug

Sykkylven Energi AS

Frå: Per Kristian Nordstrand <p_nordstrand@hotmail.com>
Send: 15. januar 2022 19:56
Til: Postmottak Sykkylven kommune
Kopi: Per Kristian Nordstrand
Emne: Saksnummer 2019/998 - Sykkylven Kommune

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Detaljregulering Aureosen Brygge 2 - Høyringsmelding

1. Trafikk - området er farlig for yngre myke trafikanter. Bare i år har det kommet flere nye næringsdrivende og det har kommet tømestasjon for bobiler langs Ullavikvegen. Dette skaper ekstra trafikk i allerede overbelastet område som er delt mellom næring og boliger. Det går mye tung nyttetraffic langs Ullavikvegen som skal til VPK, Maxbo, URI Rørservice, Posten/Bring etc. Ikke minst har området blitt en ny "råneveg" så det er en del gjennomkjøring på kveldstid.
2. Parkering - Det er ikke tilstrekkelig med parkeringsplasser i området.
3. Snø/brøyting - Ved Aureosen Brygge 1 er det ikke tilstrekkelig plass til snø, så denne legges i krysset mot riksvegen, det skaper dårlig oversikt og er farlig for mjuke trafikanter. Er det en plan for snørydding av området sett under ett?
4. Lekeområde - Hvor skal det tilrettelegges for lekeområde/fritidsområde? Kan ikke se dette er ivaretatt på forrige prosjekt.
5. Feriehytter - Dette er vel siste området i sentrum som kan brukes til evt. turisme (Hytteutleie, service). Området er solgt fra kommunen til eier med denne klausulen i utgangspunktet og er delvis bygge ut med feriehytter. Er det noen plan for turisme i Sykkylven?
6. Arkitektur - området blir en blanding av blokker, leiligheter, hytter, hus, garasjebygg, naust osv. Er det noen helhetlig plan for dette? Blokkene i Aureosen Brygge har fått ny fasade og ser dessverre ut som noe fra gamle DDR. Hvordan skal de nye husene se ut?
7. Innsyn - Hva med høyde? Ullavikvegen 19 er bygget med fasade mot Sør, Aureosen Brygge 2 bør ha samme retning?

Vi ønsker i fremtiden å bygge boligblokk på 6-8 etasjer på vår tomt, så vi er positive til utbygging så lenge:

- Den trafikale situasjonen kommer under kontroll.
- Det er tilstrekkelig parkering (noe det ikke er per idag)
- Plan for snø/brøyting
- Det legges til rette for lekeområde/parkområde
- Nye områder i sentrum åpnes for utbygging til turisme
- Arkitekturen i området har jeg ikke noe særlig ikke håp for
- Det tas hensyn til innsyn nordover mot bolighusene i Ullavikvegen 19 og 21

Er veldig bekymret for hvordan det skal gå uten tiltak for å forbedre den trafikale situasjonen. Har vært i kontakt med kommunen utallige ganger om dette, de er fullt klar over situasjonen og kan holdes ansvarlig.

Hele "Boligområdet" i Sør bør skilles fra "Næringsområdet" i Nord om det skal bygges noe mer.

Rundkjøringen i "Dalevegkrysset" (FV60) vil ikke hjelpe noe på trafikken i selve Ullavikvegen.

Dere på blindkopi: [Til info](#)

Mvh

Per Kristian Nordstrand